



Direktoratet for byggkvalitet

Saksbehandlar, innvalstelefon

Oliva Bakketun, tlf. 55 57 22 62

## Høyringsfråsegn til forslag til endringar i byggteknisk forskrift (TEK17) §§ 7-2 og 7-4

Vi er glad for at det er sett i gang prosessar for å gå gjennom dagens regelverk. Det er viktig å finne balansen mellom behova for tryggleik for befolkninga og omsynet til verdiskaping og lokalsamfunnsutvikling, i område med fjellskredfare.

Vi er samd i intensjonen bak forslaget til endring av forskrifta, men det er viktig å sjå på nokre sider av dei nye forslaga:

### **5.1. Større grad av differensiering mellom område med ulik fjellskredrisiko**

Vi er glade for at det er opna for utbygging i område som er omfatta av periodisk overvaking. Det er t.d. svært viktig for Ullensvang og dei andre kommunane langs indre delar av Hardangerfjorden.

I dei nye forslaga vert det peikt på utfordringa med at vilkåra i dagens regelverk er like strenge, enten det er låg eller høg fare i det aktuelle fjellskredområdet. Det gjer at regelverket ikkje er risikobasert.

Høyringsnotatet viser til at det i vilkåra om varslings- og evakueringstider vert stilt konkrete krav til beredskapsplanane til kommunen og andre beredskapsstyresmakter, og at beredskapsvilkåra i TEK17 §7-4 er meint å stille konkrete krav for å styrke tryggleiken.

Vi gjentek nokre av tilrådingane våre frå førre høyringsrunde (då endringar tredde i kraft 01.09.22). Vi tilrår at det vert sett tydelegare minimumskrav til beredskapssystemet for dei tilfella det er tilstrekkeleg med periodisk overvaking. Det gjeld både det prosessuelle (t.d. kva vurderingar som ligg til grunn og kva aktørar som skal involverast), og til det meir «systemtekniske» (beredskapsnivå, rapporteringsrutinar, rutinar for aktør- og befolkningsvarsling m.v.).

Etter dagens ordning er det [nasjonal beredskapsplan for fjellskred](#) som set rammene for korleis beredskapen skal vere når eit fjellområde er klassifisert som høgrisikoobjekt. Det bidreg til ei felles forståing mellom fagetatar og forvaltningsnivå, og at beredskapssystema vert mest mogleg einsarta og gjenkjennelege for dei aktørane som har ei rolle. Den nasjonale planen sikrar òg at etableringa av



beredskapen lokalt skjer gjennom eit samvirke mellom aktørane. På den måten unngår ein t.d. at kommunen vert ståande åleine med vurderingar og avgjerder.

Vi vil difor sterkt tilrå at denne måten å tenke og arbeide på vert vidareført. Den nasjonale fjellskredberedskapsplanen må reviderast, slik at den og skildrar kva minimumskrav det må vere til eit beredskapssystem ved periodisk overvaking. Vi rår og til at det i forskriftsteksten til § 7-4 første ledd bokstav b, og § 7-4 andre ledd bokstav c, vert konkret vist til den nasjonale beredskapsplanen for fjellskred. Forskriftsteksten og fjellskredberedskapsplanen vil då saman gi eit tydeleg rammeverk for den lokale og regionale beredskapsplanlegginga.

### **5.2 Større grad av likebehandling av område med lik fjellskredrisiko**

Vi støttar forslaget om at unntaksregelen i TEK17 § 7-4 skal utvidast til òg å omfatte primærverknaden av skred. Beredskapssystemet som vert etablert der det er identifisert fjellskredfare, må omfatte varsling og evakuering av både dei områda som vert treft av sjølve skredet, og dei som vert treft av flodbølga. Konsekvensen av endringa er at det ikkje vil vere nødvendig med eit generelt byggeforbod i område som er utsett for direkte treff av skred. Utan endringa vil det ein del stadar, som t.d. i Øvre Eidfjord, vere heilt umogleg med ei vidare utvikling av lokalsamfunnet.

### **5.3 Større grad skilje mellom byggverk innanfor eit fareutsett område**

Vi er samd i at det er god grunn til å lempe på det absolutte forbodet mot byggverk innanfor faresoner for flaum, når bygget er knytt til ei storulykkeverksemd. Vi meiner at det bør vere mogleg med utbygging, viss ei konkret, fagleg vurdering viser at risikoen er akseptabel.

Omsynet til risikopotensialet ved ei storulykkeverksemd må likevel få særleg merksemd i vurderinga av om det skal kunne tillatast bygging i eit skred- og/eller flodbølgeutsett område. I mange tilfelle vil det krevje spesialkompetanse for å forstå dette potentialet. Det kan ikkje forventast at alle kommunar har slik kompetanse. Vi vil difor tilrå at regelverket vert utforma slik at det i konkrete plan- eller byggesaker alltid skal innhentast råd frå dei nasjonale styresmaktene som forvaltar storulykkeregelverket (særleg DSB).

Med helsing

Haavard Stensvand  
Fylkesberedskapssjef

Oliva Bakketun  
Rådgjevar, beredskapsseksjonen

*Dokumentet er elektronisk godkjent*